



Ved skulestarten hadde Spar frukostservering på parkeringsplassen, no kjem turen til haustmarknad. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalingane har merka seg at det blir haustmarknadsdag på parkeringsplassen til Spar laurdag. Dei har meldt inn ein god del som dei gjerne vil selja.**

- Men vi håpar på meir. Siste frist for påmelding er fredag klokka tolv, seier dagleg leiar Bente Nilsen til Uskedalen.no.
- Kva er meldt inn?
- Frukt, ved, melkekaker, nylaga eplekaker, pølse og bacon frå Friheim Gardsmat, elektrisk verktøy, strikkalubber, smykker, hekladuker og strikka ting,
- Kva med "loppemarknaden"?
- Jau, det må då vera nokon som har brukte ting dei gjerne vil bli kvitt. Kva med til dømes sykklar, ski, skeiser, lamper og bildekk, spør Bente.

Dei som skal selja må sjølv ordna det utstyr som dei treng til å stilla ut "varene". Marknadsdagen er også kunngjort i spalta vår for arrangement.



Bente Nilsen håpar på meir varar til marknadsdagen laurdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)